

Prosjektskisse til forsøk med ny lærarutdanning for grunnskulen ved lærarutdanninga på Stord

På 1960- 1970 – og delvis 1980- talet var det ei rekkje forsøk i lærarutdanninga. Forsøka omfatta avvik frå lover og læreplanar og galdt mellom anna nye organiseringsmåtar, nye fagopplegg og vurderingsordningar. Dette var noko som engasjerte og vitaliserte fagmiljøa, og skapte debatt og stor aktivitet ved lærarutdanningsinstitusjonane. Seinare har det vore få eller ingen slike forsøk. I lærarutdanninga har ein innretta seg etter nasjonale lover og læreplanar utan å ta særlege initiativ til å prøva ut andre ordningar.

I den situasjonen lærarutdanninga nå er komen i med mellom anna sviktande rekruttering, meiner eg det er tid for å prøva ut nye måtar å organisera utdanninga på og gi utdanninga eit nytt innhald. På Stord har det i dei siste åra vore vanskeleg å fylla studieplassane. Eg rår derfor til at Stord gjer forsøk med ei ny lærarutdanning for å sjå om dette kan føra til betre søkjartilgang.

I Lov om universiteter og høgskoler står det i § 1 – 2, punkt 4: »Departementet kan, etter innstilling fra styret, vedta at det kan gjeres avvik fra loven og forskriftene til loven i forbindelse med tidsavgrensede pedagogiske eller organisatoriske forsøk». Dette betyr at Høgskulen på Vestlandet (HVL) må laga eit eventuelt forsøksopplegg for Stord. Opplegget må behandlast av styret før det blir sendt som søknad til departementet. Dersom forsøket blir godkjent av departementet, har høgskulen det faglege og økonomiske ansvaret for opplegg og gjennomføring av forsøket.

Skisse til forsøksopplegg.

Nedanfor er det skissert eit framlegg til forsøksopplegg som er eit radikalt alternativ til den lærarutdanninga vi har i dag. Det ville vore kjekt om dette kunne bli prøvt ut på Stord, men HVL kan sjølvstekt bruka heile eller delar av det i eit eventuelt forsøksopplegg.

Framlegget til forsøk går ut på at den obligatoriske femårige masterutdanninga blir erstatta av ei obligatorisk utdanning på fire år med påbygging til master som frivillig tilbod til studentar og vidareutdanning for lærarar. Den fireårige utdanninga må godkjennast som fullført lærarutdanning, og det må klårgjerast kvar desse lærarane skal plasserast på lønnsstigen.

Det **første året studieåret** bør innehalda ein gjennomgang av lover og regelverk for grunnskulen og gjeldande læreplanar. Pedagogisk teori og praksis må vektleggjast, og studentane må læra om arbeidsmåtar og oppgåver for lærarane i dagens skule. Pedagogisk filosofi og den historiske utviklinga av skulen i landet vårt må også vera med. Studentane må dessutan kunne velja minst ei eining på 15 poeng i eit praktiske eller estetiske fag, (kunst og handverk, musikk, kroppsøving, mat og helse).

Heile det **andre studieåret** bør studentane vera i praksis ved ein skule/skular i ein kommune. Saman med lærarar der kan dei då få oppleva starten og slutten på eit skuleår. Dei kan få vera med på planleggingsdagar, møte med foreldre, hjelpetenester m.m. Saman med erfarne og kvalifiserte lærarar kan dei få følgja undervisning og arbeidet til ein lærar/lærarar på ulike klassetrinn. Dei må sjølv praktisera som lærarar og få rettleiing av kvalifiserte lærarar som arbeider på barnesteget og ungdomssteget. For kommunar som får lærarstudentar, vil denne ordninga kunne vera ein ressurs for skulane i kommunen.

Det **tredje og fjerde studieåret** bør nyttast til fagstudium av ulike omfang og på ulike nivå. Studentane må kunne velja einingar på 15, 30 eller 60 poeng. Dei kan såleis innretta utdanninga si mot lærararbeid anten på barnesteget eller ungdomssteget. Metodikk og praksis i faga dei vel, inngår i studiet. Ei studieeinering i norsk og i eit praktisk eller estetisk fag bør vera obligatorisk. Der det høver, kan ein organisera tverrfaglege opplegg, gjerne i samarbeid med pedagogisk teori og praksis. Studentane må velja fagstudium slik at dei kjem ut med frå tre til seks fagstudium for å få godkjent lærarutdanninga.

Utdanninga må gi rett til tilsetjing både på barnesteget og ungdomssteget, og lærarar med denne utdanninga bør kunne tildelast undervisningsoppgåver i norsk og matematikk utan spesielle krav til utdanningsnivå i desse faga.

Kommentarar

Eg går ut frå at Samordna opptak kan ta opp alle som har søkt Stord utan krav til bestemte karakterar frå vidaregåande opplæring. Stord bør dessutan driva aktiv rekruttering til forsøket, til dømes med annonsering, besøk på vidaregåande skular med vidare. Før studentane blir tekne opp, bør dei ha eit fagleg/personleg intervju.

Det bør takast opp studentar til forsøket kvart år i ein periode på fem år slik at ein kan vurdere om opplegget har innverknad på søkjartilgangen, og om

erfaringar ein elles gjer i forsøket, kan nyttast i det nasjonale opplegget for lærarutdanninga.

Plassering på lønnsstigen for lærarar som har fullført denne utdanninga, må vel skje etter forhandlingar mellom Utdanningsforbundet og KS?

Å leggja inn eit praksisår for studentane ute i kommunale skular, vil krevja nytenking og omfattande planlegging. Så vidt eg veit, er det berre Politihøgskulen som har ei ordning der studentane er i praksis ved ein politistasjon i eitt av den treårige utdanninga. HVL må her mellom anna gjera avtalar med kommunar/skular og sikra seg kvalifiserte rettleiarar for studentane. Det må lagast planar for den praksis studentane skal ha, mellom anna omfanget av undervisning og andre oppgåver som gjeld lærararbeidet ved ein skule.

HVL har all nødvendig kompetanse for å laga dei fagplanane som trengst. I planarbeidet er det viktig å ta omsyn også tii innhaldet i planane for grunnskulen.

Departementet bør vera interessert i eit forsøk som dette, og kunne gi økonomisk støtte.

Dette forsøksopplegget er ei brei utdanning som har ei klår innretning mot lærararbeid i grunnskulen. Det er såleis eit alternativ til dagens utdanning som er ei smal utdanning konsentrert om få fag. Forsøket vil såleis kunne gi ein peikepinn på om ulike former for lærarutdanning kan påverka søkjartilgangen og å imøtekome ulike behov i grunnskulen. Eg håpar derfor at HVL følgjer opp og arbeider vidare med eit forsøksopplegg som kan godkjennast av departementet.

Stavanger, oktober 2023.

Sigmund Sunnanå